



KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 30.05.2016
Stad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Kl.: 09.00 – 12.45
Tilstade: Arild Tveranger (leiar), David Pletten Aasgard (medlem), Cyril Marøy (medlem) og Ane Ottesen (medlem) (gjekk 12.15)
Innkalla: Beredskapskoordinator Harald Stanghelle (til sak 21/16) og ordfører Jon Askeland (til sak 22/16)
Revisjon:
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall: Astrid Nordanger (nestleiar)

18/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

19/16 Godkjenning av møteutskrift

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 04.05.16 var godkjent.

20/16 Skriv og meldingar

- Kopi av brev til kommunestyret ang. kommunereform og spørjeundersøking
- Brev til kontrollutvalet om merknad til konsesjon
- KS-vedtak selskapskontroll

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

21/16 Orientering om beredskap i kommunen

Harald Stanghelle orienterte om beredskapsarbeidet i kommunen og fortalte blant anna om:

- Prinsipp i beredskapsarbeidet
- Sivilbeskyttelseslova
- Tilsyn frå Fylkesmannen mars 2014
- ROS-analyser og tiltak
- Utmarksbrann-prosjekt i samarbeid med kommunane Austrheim og Fedje
- Øvingar og kriseplan
- Vakttelefon 48 28 71 82
- www.havbase.no

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

22/16 Orientering om kommunestruktur

Ordfører Jon Askeland orienterte om kommunestruktur og fortalte om blant anna:

- Intensjonsavtalene og forankring
- Forhandlingsutvalet
- Tidslinja og prosessen framover

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

23/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Kontrollutvalet diskuterte møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer tilgang til møteportalen. Kontrollutvalet minner også om at møteinnkallingar og protokollar skal vert oppdaterte og gjort tilgjengeleg fortløpande på kommunen sine heimesider.

24/16 Eventuelt

A. Fagsamling for kontrollutvalsleiarar fredag 10. juni.

B. Brev til kontrollutvalet, jf. KU sak 04/16 og 38/15A

Kontrollutvalet diskuterte korleis handsame denne type førespurnader til kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek brevet til orientering og vurdere vidare oppfølging seinare. Kontrollutvalet vil minne om at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan og har ikkje mandat til å gjere om eller gje vurderingar i enkeltsaker. Førespurnader til kontrollutvalet frå enkeltpersoner kan tas med i vurderingar i kontroll- og tilsynsarbeidet dersom utvalet ser dette som relevant.

Neste møte i kontrollutvalet er 7. oktober 2016 kl. 09.00

Manger, 30. mai 2016

Arild Tveranger/leiar



Tonje Husum Aarland
Tonje Husum Aarland/sekretær